



## INNSPILL TIL NSB OM RUTER PÅ SØRLANDSBANEN

Arkivsaknr: 08/615

Jnr.:	Arkiv	Saksbehandler
08/11038	K1-026, NAVN- KO LLEKTIVT RAFIKK, K2-N02	Erling Rønnekleiv

Forvaltn. organ:	Dato	Sak nr.
Midt-Telemarkrådet	31.10.2008	

### Innstilling:

Midt-Telemarkrådet ser positivt på den store trafikkauken på Sørlandsbanen generelt og verknadene dette har på vår region – noko som gjev seg uttrykk i endå større auke over våre stasjonar i Bø og Lunde.

Ein auke i bruk av tog er det beste grunnlaget for å stimulere til endå større auke.

Vi meiner det no er grunnlag for NSB til å vurdere fleire ruter på Sørlandsbanen. Pendlinga frå Telemark mot Kongsberg har auka med 60% sidan år 2000. Det er og auke i pendling vidare til Oslo. Gardermoen er og ein viktig flyplass for reisande til og frå Telemark. Flyreiser frå aktiviteter andre stader i landet eller frå Europa medfører ofte at flya kjem til Gardermoen mellom 1700 og 1800. Då går det ikkje tog sørover før nattoget. Heller ikkje om møter, arbeid eller opplevingar i Oslo strekker seg etter kl 1700.

Vi oppmodar NSB til å sette inn fleire daglege ruter på Sørlandsbanen.

Vi meiner ein auke frekvens bør prioritere ei rute nordover som passerer Bø ca kl 0600 om morgonen. Og ei returrute sørover som går frå Oslo om lag 2000.

Midt-Telemarkrådet ber kommuneregionane i Vest-Telemark, Kongsbergregionen og Grenland samt Telemark fylkeskommune om å slutte seg til denne uttalen.

### MTR-030/08

#### Vedtak:

Midt-Telemarkrådet ser positivt på den store trafikkauken på Sørlandsbanen generelt og verknadene dette har på vår region – noko som gjev seg uttrykk i endå større auke over våre stasjonar i Bø og Lunde.

Ein auke i bruk av tog er det beste grunnlaget for å stimulere til endå større auke.

Vi meiner det no er grunnlag for NSB til å vurdere fleire ruter på Sørlandsbanen. Pendlinga frå Telemark mot Kongsberg har auka med 60%

sidan år 2000. Det er og auke i pendling vidare til Oslo. Gardermoen er og ein viktig flyplass for reisande til og frå Telemark. Flyreiser frå aktivitetar andre stader i landet eller frå Europa medfører ofte at flya kjem til Gardermoen mellom 1700 og 1800. Då går det ikkje tog sørover før nattoget. Heller ikkje om møter, arbeid eller opplevingar i Oslo strekker seg etter kl 1700.

Vi oppmodar NSB til å sette inn fleire daglege ruter på Sørlandsbanen. Vi meiner ein auka frekvens bør prioritere ei rute nordover som passerer Bø ca kl 0600 om morgonen. Og ei returrute sørover som går frå Oslo om lag 2000.

Midt-Telemarkrådet ber kommuneregionane i Vest-Telemark, Kongsbergregionen og Grenland samt Telemark fylkeskommune om å slutte seg til denne uttalen.

### **Kopi av saksutredning med vedtak sendes:**

#### **Dokumenter i saken:**

<b>Nr</b>	<b>T</b>	<b>Dok.dat</b>	<b>Avsendar/Mottakar</b>	<b>Tittel</b>
1	U	01.04.2008	Telemark fylkeskommune; Vestviken kollektivtrafikk as; Vest-Telemarkrådet	SAMARBEID OM KOLLEKTIVTRAFIKK I DISTRIKTSKOMMUNER
2	U	13.06.2008	Telemark Fylkeskommune	KOLLEKTIVTRAFIKK I DISTRIKTSTELEMARK
3	I	20.07.2008	Telemark Fylkeskommune	SVAR- KOLLEKTIVTRAFIKK I DISTRIKTSTELEMARK
4	I	22.07.2008 11:00:00	Trond Magnus Haugen	50-lappturen frå Bø til Sauherad
5	U	07.08.2008	Arne Storhaug; Olav Kasland; Helge Vreim; Hans Sundsvaen; Arne Moen; Peder Rekkedal; Jan Thorsen; Gry Rekanes; Bjørn G Andersen	RAPPORT OM SØRVESTBANEN
7	I	26.08.2008	Berit Børte	TILBUD PÅ UTREDNING AV ET BEDRE KOLLEKTIVTILBUD I MIDT - TELEMARK
8	U	18.09.2008	Midt-Telemark næringsutvikling as	ORGANISERING AV FORSTUDIE LOKALTOG
9	I	29.09.2008	Vestviken kollektivtrafikk as	SIKKERHET I BUSS - SITTEPLASSER OG SETEBELTER

Dokument ..... følger som kopiert vedlegg. Øvrige dokumenter i saken er tilgjengelige ved servicekontoret i rådhuset.

## **Sammendrag**

Auke i trafikk tala på Sørlandsbanen er høgare enn generell trafikkauke for landet. Dette betyr at tog vert foretrekt av stadig fleire. Det er då viktig å påpeike dette overfor NSB som trafikkerer banen, for å oppmode om å auke tilbodet.

## **Faktiske opplysninger**

Syner til NSB sin eigen pressepresentasjon av betydeleg trafikkvekst på Sørlandsbanen. Vi gler oss over denne utviklinga. Dette er i tråd med samfunnsmål om redusert biltrafikk og auke i kollektivandelene. Vi har ikkje så gode resultat på kollektivandel utviklinga i måloppnåinga i fylkesplanen i Telemark. Her er likevel eit positivt unntak på Sørlandsbanen og spesielt på våre stasjonar i Lunde og Bø. Då er det viktig å gje denne utviklinga positiv støtte og samstundes prøve å påverke til endå meir av det som går bra.

Pendlinga austover frå Telemark aukar. Frå kommunar i Telemark til Kongsberg har pendlinga auka med 59,6% frå 2000 til 2006. Pendling til Oslo er og i vekst sjølv om vi ligg utanfor dei regionane som får automatisk folketalsvekst som følge av Oslo sin vekst. Like viktig som pendling til Oslo er kunnskapsbaserte arbeidsplassar i Telemark som lever av marknaden i Oslo. For desse konsulentane, ingeniørane, lektorane, professorane og forskarane er reisetida og mogelegheitene mellom Oslo og kommunane langs Sørlandsbanen svært viktige. At vi stadig opplever at komfortavdelinga er fullsett betyr at det er mange som nyttar høvet til å arbeide medan dei reiser til jobb eller oppdrag/ kundebesøk.

Gardermoen er viktig som nasjonal og internasjonal lufthavn – og for Telemarkingar. For å nytte tog til og frå er det behov for tidlegare avgangar for å rekke tidlege fly, samt ikkje minst for å kome seg heim etter å ha landa på Gardermoen på ettermiddagen. I dag går siste avgang frå Oslo til Sørlandet kl 1709. Før nattoget kl 2247. Det er behov og for ei seinare rute ca kl 2000.

Utover dette har vi behov for tettare avgangar og på dagtid. Ikkje minst av regionale årsaker. Born frå Lunde kan nytte toget til tannlegen som no er i Bø. Men berre i tidsrommet 0800 – 0900 og mellom 1200 og 1300. Skuleskyssen frå Drangedal kan nytte toget, men returen må gå med buss fordi det ikkje går tog sørover midt på dagen frå Oslo.

## **Vurdering**

NSB har ein langsiktig prosess for større ruteendringar. Dersom dei er einige i våre framlegg kan vi først vente at endringa kjem på plass i 2010. Likevel er det viktig å prøve å påverke NSB på tidspunkt når dei sjølv oppsummerer positive tal og vurderer kva dei betyr for selskapet sin planlegging. Politisk påverknad har betydning for NSB sine beslutningar.

Pendling, yrkesreiser og dagsreiser er nok hovudmarknaden for Sørlandsbanen, meir enn vår regionaltrafikk. Og det er vel ikkje truleg at NSB set opp to nye daglege avgangar kvar veg. Dersom vi skal prioritere den nye avgangen som flest har behov for- som det altså er størst marknadspotensiale for, så er nok det eit tog som går gjennom Midt-Telemark ca kl 0600 om morgonen – altså i Oslo ca 0800. Og eit returtog sørover som startar i Oslo om lag kl 1900.

## Oppsummering - konklusjon

Regionrådssekretæren tilrår at Midt-Telemarkrådet gjev uttale om å tilrå ein ny dagleg avgang på Sørlandsbanen kvar veg. Som passerer Bø ca kl 0600 nordover. Og som har avgang frå Oslo ca kl 2000 sørover.

Midt-Telemarkrådet bør og be Telemark fylkeskommune og dei andre kommuneregionane om å stø uttalen.

Sted	Dato	Stempel – underskrift
Midt-Telemark	27.10.2008	Erling Rønnekleiv Regionrådssekretær